

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



Protokoll

Årsmøte 27. november 2014

Møtestad: Dr. Holms Hotel Geilo

Tidspunkt: 11:45-15:00

Medlemmer tilstades på årsmøtet:

Hordaland fylkeskommune: Fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes

Buskerud fylkeskommune: Fungerande fylkesordførar Trond Johansen

Voss kommune: Ordførar Hans Erik Ringkjøb

Hole kommune: Ordførar Per Berger

Gol kommune: Utvalsleiar Jon Anders Hefte

Nes kommune: Varaordførar Kjell Ålien

Hol kommune: Ordførar Tony Kjøl

Ringerike kommune: Ordførar Kjell B. Hansen

Ål kommune: Ordførar Ivar Breivik

Flå kommune: Ordførar Tor Egil Buøen

Ulvik Herad: Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen

Jon Anders Hefte møtte med fullmakt frå ordførar Hallvor Lilleslett.

Forfall: Akershus fylkeskommune, Bærum kommune, Bergen kommune, Vaksdal kommune og Aurland kommune.

Andre som var tilstades:

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar Hallingdal Regionråd

Lars Olsen, koordinator Rådet for Ringeriksregionen

Nils Akselberg, dagleg leiar Myrdalen Fjellandsby

Lars Christian Stendahl, direktør strategi og samfunn, vest og sør, Jernbaneverket

Møtestart

Lars Christian Stendal heldt ein presentasjon om status i arbeidet med Ringeriksbanen og Nils Akselberg heldt eit innlegg om Myrdalen Fjellandsby med tittelen «Om å tenke store tankar i ei lita bygd».

ÅM 01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samråystes godkjende.

ÅM 02/14 Val av representantar til å underskriva protokollen frå årsmøtet

Mona H. Hellesnes føreslo Hans Petter Thorbjørnsen og Kjell B. Hansen til å underskrive protokollen.

Vedtak:

Hans Petter Thorbjørnsen og Kjell B. Hansen vart samråystes valde til å underskrive protokollen.

ÅM 03/14 Godkjenning av protokoll frå årsmøtet 19. november 2013

Vedtak:

Protokollen frå årsmøtet 19. november 2013 vart samråystes godkjent.

ÅM 04/14 Årsmelding 2014

Vedtak:

Årsmelding 2014 vart samråystes godkjent.

ÅM 05/14 Rekneskap 2013

Vedtak:

Rekneskap 2013 vart samråystes godkjent.

ÅM 06/14: Budsjett 2015, fastsettjing av medlemskontingent for 2015

Mona H. Hellesnes gjekk gjennom føreslått budsjett for 2015.

Trond Johansen peika på at sjølv om det er opp til årsmøtet i 2015 å avgjere vidare handlingsplan og dermed aktivitetsomfang for 2016 og frametter, må det vere ei oppgåve for sittande AU å utarbeide eit forslag til ny handlingsplan og tidleg signalisere tilrådd aktivitetsnivå.

Hans Erik Ringkjøb kommenterte at han ser det ynskjeleg og naturleg å oppretthalde eksisterande aktivitetsnivå ikkje berre i 2015, men også for 2016 og lengre fram. Han viste til at arbeidet som er gjort dei siste to-tre åra har gitt gode resultat, og at forumet har like store oppgåver og målsettingar ein ynskjer å nå også dei nærmaste åra.

Vedtak:

Budsjett og medlemskontingent for 2015 vart samrøystes godkjent.

ÅM 07/14: Revidert handlingsplan for perioden 2013-2015

Adelheid Nes gjekk gjennom revidert handlingsprogram. AU fekk mandat til å innarbeide punkt om godstrafikk og knutepunktsutvikling i handlingsplanen. Sjå elles kommentarar under sak ÅM 06/14.

Vedtak:

Revidert handlingsplan vart samrøystes godkjent.

ÅM 08/14: Val

AU hadde innstilt på attval på dei to medlemmene som sto på val.

Vedtak:

Hans Erik Ringkjøb og Trond Johansen vart attvalde for ein periode på to år.

ÅM 09/14: Uttale frå Forum Nye Bergensbanen til KVU Arna-Voss

Vedtak:

Uttale frå årsmøtet til KVU Arna-Voss vart samrøystes godkjent.

Ved møteboka

**Adelheid Nes
Møteskrivar**

**Hans Petter Thorbjørnsen
Ordførar Ulvik herad**

**Kjell B. Hansen
Ordførar Ringerike kommune**